




NR 3, 2024 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 92. ÅRG

I dette nummeret kan du lese om:



- Nye medarbeidrarar
- Takk til Ali
- Landslova
- Glimt frå arbeidet

God haust!

Billetteppe i Bjordal kyrkje. Foto: Geir Sørebø

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebo, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. I redaksjonen: Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebø, Andreas Ester.

Pengegåver vert mottekte med takk!
Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593

Layout og trykk: Printfarm AS



Men hvem sa at dagene våre skulle være gratis?

*At de skulle snurre rundt
på lykkejulet i hjertet vårt
og hver kveld
stoppe på gevinst?
Hvem sa det?
Hvor hadde vi dét fra?
Hvem sa at livet vårt
skulle være lett å bygge ferdig?
At mursteinene var firkantede ballonger
som føk på plass av seg selv?
Hvem sa det?
Hvor hadde vi dét fra?
Der var piller for alt: nerver,
vedvarende hoste og anemi.
Men hvem sa at snarveiene
støtt var kjørbare? At fjellovergangene
aldri snødde til? Og at nettopp vi
skulle slippe å stå fast i tunnelen?
Ja, hvem sa det?
Hvor i all verden hadde vi dét fra?*

Kolbein Falkeid



Kolbein Falkeid set ord på ei viktig livserfaring; dagane våre er ikkje gratis. Slik er det for oss alle, men nokon betaler likevel meir enn andre; av og til så mykje at livet kan vere vanskeleg å bere. Som diakon ønskjer eg å ha ei opa dør for menneske som treng nokon å prate med. Kyrkja vår har også ein døgnopen krisetelefon, Kirkens SOS. Kirkens SOS er tilgjengelege på telefon, melding og chat, og i samband med tryggleiksveka i Høyanger i september, hadde kyrkje stand der det vart delt ut informasjon om arbeidet til Kirkens SOS.

Og så kan vi alle vere eit medmenneske for kvarandre! I oktober markerer vi Verdsdagen for psykisk helse, og temaet i år er «Vi treng å snakke meir saman # gi 8 minutt». Lat dette vere ei utfordring til oss alle denne hausten!

God haust - og god samtale!

www.kyrkja/hoyanger/
www.facebook.com/kyrkjaihoyanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor
Marcus Thranes gt.3. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor
Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Renate Ø. Dale
Jobbmobil: 404 58 649
E-post: post.hoyanger@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse
Brendøyvegen 26, 6906 Florø
Mobil: 917 13 275
E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebo:
Andreas Ester, 6947 Lavik
Mobil: 452 21 737
E-post: AE639@kyrkja.no

Diakon i prestestillinga i Lavik og Bjordal/Ortnevik
Inger Cesilie Fitje, 5962 Bjordal
Mobil: 908 94 788
E-post: IF267@kyrkja.no

Kyrkjeverje: Stig Jonny Fitje
Mobil: 917 63 803
E-post: SF729@kyrkja.no
Organist: Peter T. Jobbagy
Mobil: 909 84 617
E-post: PJ@kyrkja.no

Kyrkjemusikar: Harald Dahlstrøm
Mobil: 454 40 644
E-post: harald.dahlstrom@gmail.com

Leiarar av sokneråda:
Høyanger: Vidar Myren 913 11 283
Kyrkjebo: Sturla B. Fossen 994 94 745
Lavik: Toril Lange 916 89 459
Bjordal og Ortnevik:
Camilla M. Ådland 481 10 684

Leiar kyrkjeleg fellesråd:
Sturla Bell Fossen 994 94 745

Kyrkjetenarar
Kyrkjebo og Vadheim:
Irene Aase Aarseth tlf. 970 12 977
Lavik: Olav Hellebø tlf. 900 84 912
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 411 00 587

KIRKEN SOS: Tlf. 22 40 00 40



AVFALLSSORTERING OG SYNDSVEDKJENNING

Avfallssorteringa og kasting må gjerast kontinuerleg. Heilt utruleg kor mykje tid denne jobben krev kvar veke og kvar dag, eigentleg! På spørk kallar eg det i familien gjerne for «favorittjobben min». Det er det jo absolutt ikkje! Litt ekkelt nokre gonger, men heilt nødvendig å gjere. Alle er vi som forbrukarar aktivt med på å produsere avfall i haugevis. Og resirkuleringa reduserer berre i liten grad utsleppet av CO₂ og andre klimagassar. Avfallssorteringa skjer nok kanskje mest for å lette på det därlege samvitet.

På dei nyaste boszdunkane i kommunen står det: «Denne side ut på tømmedag» – for å gjere jobben til renovasjonsfolka smidigare. Klart, eg er prest og tenkjar som ein prest. Difor las eg ein gong «feil» slik: *Denne side ut på dømmedag*. Men er det ikkje slik at vi alle har behov for både avfallssortering og ein tømmedag / dømmedag i overført og eksistensiell forstand? Og skulle bruke minst like mykje tid på denne sorterings- og kastejobben?

Vi begynte nettopp med eit nytt konfirmantår. I første gudstensta dei nye konfirmantane var med

på, tok eg opp ulike element i gudsteneste, mellom anna syndsvedkjenninga. Mange har eit heller anspent forhold til syndsvedkjenninga i gudstenesta og assosierer noko negativt og moralsk og belastande. Men tvert imot. Syndsvedkjenning er noko utruleg gledeleg og positivt. Det er rett og slett avfalls-sortering. Og kasting. Og tømming. Vi kan i tankane gå gjennom det som skjedde i løpet av tida som gjekk. Og kanskje heile livet som ligg bak oss. Ungdom eller voksen. Vi kan kvitte oss med alt som kan gå rett i bosset. Alt som ikkje duger til livet, som ikkje held mål, som ikkje skal bli med vidare i livet mitt. Det er akkurat dette som er «synd».

I gudsteneste i kyrkja blir vi invitert inn i samveret med den levande Gud. Han vil gje oss livet på nytt. Heilt i starten kjem denne eksistensielle eller åndelege avfallssorteringa. Kvar gudsteneste kan bli til ein «tømmedag-dømmedag» i positiv forstand. Og kvar gong vi får auge på boszdunken med oppskrifta «denne side ut på tømmedag», kan vi hugse og smile breitt.

Andreas Ester prest

TRU, VON OG KJÆRLEIK

Når ein kjem inn i Bjordal kyrkje blir ein møtt av to biletvever, ein på kvar side av koret med glasmåleri av korsfestinga. Teppa har varme fargar, som står godt til fargane i kyrkerommet.


Biletveven som heng til venstre, har tittelen tru (symbolisert ved kross), von (anker) og kjærleik (hjarta) og refererer slik til 1 Kor 13, 13 «Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken.» At krossen viser til tru og hjarta til kjærleik, er almen kunnskap tilbake til den første kristne tida. Den kristne vona om evig liv er som eit påliteleg anker ifølgje Hebrearbrevet: «Denne vona er eit trygt og fast anker for sjela». (Hebr 6,19)

På biletteppet er det ein båt som står i fokus, utforma som eit vikingskip. Heilt frå Bibelens første sider har skipet vore eit symbol knytt til Guds folk, Guds kyrkjelyd. I det store skipet berga Gud Noah og hans familie frå syndfloda, i båten på Genesaret-sjøen viste Jesus læresveinane si makt over storm og bylgjer. På same måten er kyrkja den båten som kyrkjelyden set seg i og vert ført trygt gjennom livet sine bylgjer til himmelen. Slik har det vore i Noreg frå vikingtida og til i dag. Det mørke feltet på teppet leier tankane til dei veldige bølgjene som reiser seg trugande og skremmelege rundt menneska.

Men folket har ei motkraft: Guds hand som er omtala i Jes 41,10: « Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud! Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.» Denne Guds hand strekkjer seg ned over menneska, og energien som strålar ut frå handa, held dei mørke kreftene på avstand.

Vi kan skimte krossar som symboliserar død og menneske som vandrar i mørke, men teppet ber fram ein invitasjon til å bli i det skipet som seglar trygt fordi det har Guds kraft over seg og tru, von og kjærleik under seg.

Tekst og bilete: Geir Sørebø



I Bjordal kyrkje heng det to bilettevtepper laga av kunstnaren Maren Erland. Det eine teppet er ei minnegåve etter Gullak Aarnes og det andre er ei gave frå Hildur Aarnes og borna. Teppa kom til kyrkja i 1993.

100-årsjubileum for Ortnevik kyrkje

Søndag 5. oktober 2025 blir det stort arrangement i Ortnevik. Då kjem biskop Ragnhild Jepsen for å vere med på jubileumsgudstesta kl. 11.00. Det blir servering i Ortnevik grengehuse etter opplegget i kyrkja.

Kl. 16.00 vil Sigrid Moldestad halde konsert i kyrkja. Frå Nordsida kan ein nyte ferja både til konserten og heim att. Laurdag blir det lokalt opplegg for små og store i sentrum av bygda.


Vi ber om at datoene blir notert, slik at det ikkje blir kollisjon med andre store arrangement i kommunen.

Bjordal og Ortnevik sokneråd

LANDSLOVA FRÅ 1274 ENGASJERTE OGSÅ I DAG

Anders Brekke si stavkyrkje i Ortnevik vart ei fin ramme rundt samlinga 18. august om landslova. Geir Sørebø innleia om verdiane som hadde vore rådande før dei nye lovane til Magnus Lagabøte kom for 750 år sidan. Kva vart det lagt vekt på og kva var det nye i lovverket som no skulle gjelde for heile landet? Han peikte mellom anna på fire punkt: *Ein tok betre vare på dei svakaste i samfunnet. *Lova skulle vere rettferdig. *Det skulle vere likheit for lova. *Lova skulle vere med å skape fred. Vi merka oss at det var ei utruleg detaljert lov som regulerte livet i bondesamfunnet. Nina Brekke og Terje Søreide hadde sagt ja til å vere respondentar. Nina har ansvar for biblioteket i bygda, og ho hadde sett seg godt inn i landslova og formidla engasjert kunnskap. Bøker til utlån, m.a. av historiker Jørn Øyehagen Sunde, er på biblioteket. Terje er aktiv når det gjeld næringsutvikling og er oppteken av verdiar som skapar vekst og framgang i bygda. Etter kaffi, frukt og bollar vart det ein livleg debatt om kva for verdiar vi ynskjer å bygge på framover. Mellom anna var ein oppteken av sanning. I dag er det ei ekstra stor utfordring i forhold til sosiale media. Omsorg for nabo, å sjå utover seg sjølv, berekraft i forhold til klima og natur, menneskeverd i alle livet sine fasar og omsorg for dyr. Noko som mange er opptekne av i dag er at ein skal ha det gøy. Kva som ligg i det omgrepene kan jo vere så mykje. Ungdommen i forsamlinga hang seg på. Slike samtalar er verdifulle og kan gje oss nye tankar. Eg merka meg at ein heldt fram å prate utanfor kyrkja, så det var kanskje ikkje for lenge å halde på i tre timer? Takk til Anders, Kristi, Geir, Nina og Terje og alle som møtte opp på dette møtet i verdiåret.

Tekst og foto: SS



Mange har kanskje no sett «Landslova ord for ord» som vart sendt på TV 22. august. Denne sendinga ligg tilgjengeleg på NRK ordna i bolkar etter tema. Foto: Sissel Sørebø



Foto: Inger Cecilie Fitje

Kristenretten 2024

Under mottoet «Feira fortid - forma framtid» har det vore markert at det er 1000 år sidan Olav den Heilage innførte kristenretten på Moster.

Det har vore ei pilegrimsferd langs kysten der ungdom har delteke i verdisamtalar. TV-serie om hendinga som forandra Noreg og samtale- og undervisningsopplegg for bruk i skulen kan skannast her.



NYE MEDARBEIDARAR

Siste året har det vore fleire utskiftingar blant våre tilsette.

Fellesrådet gjorde ein vri då kantor skulle erstattast. I staden for ein ny person i 100 % stilling satsa rådet på ei delt løysing der to vart tilsette. Organist i 40 % og kyrkjemusikar i 50 % stilling. Resten opp til ei full stilling opnar for fleksibilitet til å leige inn andre i særlege høve.



Peter Jobbagy, der han trivst aller best - på orgelkrakken.

Foto: Sturla Bell Fossen

ORGANIST PETER JOBBAGY: 57 år, gift, far til tre og busett i Eivindvik. Kjem frå Ungarn, der han fekk høgare organist- og komponistutdanning. Har vore organist i Gulen i om lag tolv år.

Kven er Peter som person?

Ein entusiastisk musikkelskar heilt frå barneåra av. Familien var engasjerte i kor, i baptist-kyrkja og i økumenisk arbeid. Peter starta å spele fiolin og orgel i tolv-årsalderen. I Noreg har min familie likt å vere på tur og å nyte den fantastiske naturen. Som hundeeigar vert tura ei plikt, men mest av alt ei glede!

Kva motiverte deg til å sökje?

Eit sterkt ynskje om å vere utøvande musikar på heiltid.

Kva tenkjer du om instrumenta i kyrkjene våre?

Eg spelar mest på Sørsida og i Lavik, men kjenner dei andre også. Høyanger kyrkje har eit godt orgel, og er ei kyrkje med «katedral»-akustikk. Kyrkje-

bøorgelet er fantastisk. Sørsida har høvelege instrument, medan det i Lavik treng utskifting.

Orgel er både kulturminne og levande instrument, og må handterast deretter, seier Peter.

Kva er utfordringar i kyrkja, og korleis kan du påverke?

Peter trur at korverksemd og satsing på kvalitet ville vore til inspirasjon for annan kyrkjeleg aktivitet. Kanskje må ein starte med borna? Sjølv er han usikker på kor mykje rammene for arbeidsordninga tillèt han å gjere. Engasjementet er der!



KYRKJEMUSIKAR HARALD DAHLSTRØM, 63 år, har familie i Bergen. Er no busett i Høyanger og mest kjend som «maaa'en til Vigdis», seier han sjølv. «Håplaust fortapt i musikken» heile livet. Har i årevis vore frilansmusikar og jobba med teatermusikk, m.a. for Kinnaspelet.

Du er ingen organist, korleis kom du på å sökje denne stillinga?

For lenge sidan vart eg spurd om å spele til andakten på sjukeheimen. Samarbeidet med prestane om dette har vore triveleg. Etterkvart «balla det på seg» - også med speling i gudstenester og andre arrangement. Eg såg utlysinga og sende søknaden.

Korleis har møtet med kyrkjemusikk og liturgi vore?

Sansen for dei musikalske kvalitetar - også i dei liturgiske ledda - har auka etter kvart, samtidig

med at eg vikarierte ved gudstenester i tida no før eg vart tilsett.

Kva tenkjer Harald om sin medverknad og rolle i kyrkja?

Han har eit stort nettverk i musikkmiljøet, lokalt og regionalt. Kanskje kan han få fleire med og slik få vist meir av breidda i kyrkjemusikken. Med fleire aktørar og deltakarar kan ein gjerne prøve ut ulike temabaserte arrangement framfør høgtidene? Barnekor, musikkskuleelevar og lokale solistar finst - me må berre få dei med!

Eg ynskjer å få fram lokale, unge talent og få meir musikk for alle inn i ei inkluderande kyrkje. Musikk er alltid like viktig, og eg ynskjer at den skal gje tilhøyrarane noko - kvar gong.

Målet må vere at folk etter ei musikkoppleveling skal føle; - åh, dette gjorde godt å høre!



Foto: Sturla Bell Fossen

På kyrkjekontoret vart sekretærstillinga snarare ledig enn me hadde håpa på. Løysinga kom frå ein nabokommune idet kyrkjeverja i Hyllestad (i 50 % stilling) sökte sekretærjobb i 50 % hjå oss.

RENATE ØRNHAUG DALE, fødd i 1985, oppvaksen og busett i Leirvik, der ho har mann og tre born under ti år. Ho likar å «stå på», og har tidlegare pendla til Fjaler. Flytting til Høyanger er tydelegvis uaktuelt, og Helgestunder må då spørje:

Kva motiverte deg for å søkje ei stilling, som medfører så mykje reising?

Eit ynske om ei heil stilling innanfor same arbeidsfeltet. Eg likar administrative oppgåver og arbeidet i kyrkja er spennande. Det vert kjekt med tettare samarbeid mellom kommunane, som også tidlegare har delt trusopplæring og presteteneste. Pendlinga trur Renate at dei to kyrkjekontora skal finne fornuftige løysingar på.

Kven er så Renate Ørnehaug Dale?

Ei blid, reiselysten og sosial dame. Trivst også svært godt heime med handarbeid, og aller best i selskap med nær familie og gode vener. Tre born og to hundar gjer at fritidssystrar aldri manglar.

Korleis vert det å vere både sjef og tilsett?

Det vil ikkje verte noko problem. Eg trur heller det tilfører noko i begge stillingane - både for arbeidsgjevarane og meg. Kjennskap til alle sider av drifta vert betre.

Kva tenkjer du om dei kyrkjelege utfordringane som møter deg her?

Renate kjenner Høyanger lite, men trur at det på mange område er mykje likt Hyllestad. Dimensjonane kan vere ulike, og ein har ulike tekniske og praktiske system på nokre felt. Dette er likevel meir lærerikt enn problematisk, meiner ho. Økonomi er alltid viktig, og samarbeidet med kommunen er avgjerande - både her og der.

Kva vektlegg du mest i møte med nye oppgåver?

Det å få ei god oversikt over arbeidsfeltet er viktig. Eg likar nye oppgåver, og det å møte nye menneske er interessant, gjevande og utviklende.

Me ynskjer våre nye tilsette velkomne, og lukke til i tenesta!

Sturla Bell Fossen



Screenshot Youtube Bill Withers, John Legend

MIN SALME: LEAN ON ME

*Sometimes in our lives we all have pain,
we all have sorrow. (vers 1)*

*Lean on me, when you're not strong.
I'll be your friend, I'll help you carry on.
For it won't be long
'til I'm gonna need somebody to lean on.*

Spesielt refrenget har ein rivande rytme som innbyder lett til allsong. Heile teksten appellerer direkte til ein grunnleggjande erfaring som alle kjem til å oppleve. Og så er jo dette nettopp ein invitasjon: Støtt deg på meg når du ikkje er sterkt! Eg vil vere venen din og hjelpe deg å komme deg vidare!

Songen er full av bibelske allusjonar. «Eget», «I»-personen kan vere songaren sjølv og kollektivt alle som er med og syng, men det kan vere Gud eller Jesus også som vil vere venen vår og tilbyr å støtte dei som ikkje opplever seg som sterke nok for å komme seg vidare. Salmen har derfor både ein nåde- og ein etisk dimensjon. Det inkluderande

fellesskapet av vener som får støtte frå Gud/Jesus og støtter kvarandre blir realisert under synginga og dette er, synes eg, veldig sterkt.

Ein soul- og gospel-låt frå 1972 som blei til salme og kom inn i salmeboka 2013 og samtidig er del av det globale pop-universet – rangert av magasinet Rolling Stone som nummer 205 av dei 500 sterkeste låtane i historia. Salmen er ein av dei som står i salmeboka berre på engelsk.

Eg har blitt utruleg glad i denne salmen. Vi har sunge den særleg med konfirmantane i fleire år. Ein del har kanskje høyrt den før – det kom cover-versjonar frå mange kjente artistar. Og så gjenkjennar dei i alle fall den musikalske tradisjonen den er ein del av. Han kan vere «deira» salme også. Og det engelske språket kan gjøre det lettare å uttale orda og vere med å syngje.

Andreas Ester prest

MISJONÆR FOR NATUREN

«For meg som vaks opp på 1950-talet, utan straum og vegsamband, i ei naturperle med orre- og tiurleik i skogen og rypeskratt i fjella, er det leit å sjå at naturen og miljøet er den store taparen i velferdssamfunnet. Då eg starta skogsstorfugloppdrettet, var det nettopp for å hjelpe desse artane som gjekk så kraftig attende på 1970- og 80-talet.» Det er Olav Fridtun som skriv dette i boka «Prosjekt storfugl» som handlar om oppstarten og dei første driftsåra til Massnes Storfugloppdrett og Villmarksmuseum.



EIN STOR VISJON

- Betyr det du skriv i boka at du eigentleg ikkje starta oppdrettet og museet for å tene pengar, men fordi du såg det som ei livsoppgåve?

Ja, det kan du seie. Bestanden av tiur og orre vart kraftig redusert i liene våre i 1970- og 80-åra, og eg lurde på kva som kunne gjerast for å få opp att talet på storfugl. Mitt svar var at eg i 1984 starta Massnes storfugloppdrett, som resulterte i at det dei første 20 åra vart sett ut i skogen over 100 storfugl.

Museet vart bygd opp i dei same åra, og eg ville at det skulle vere eit bidrag til at folk kunne lære å forstå naturen betre og innsjå at visse arter er vare for menneska sine inngrep i naturen.

- Har du andre døme enn storfugl på truga arter i nærmiljøet?

Olav viser til paddene på Massneset. Før var det rikeleg med padder i lia. Dei kom ned på myrane innafor garden om våren for å leggje egg i dammane. Etterpå for dei opp att i lia. Då den nye vegen vart bygd forbi Massneset, måtte paddene krysse asfalten. Der vart dei køyrde i hel i store mengder. Og etter nokre år var paddene så godt som utrydda. Dette kunne ha vore unngått ved å lage ein tunnel for paddene under vegen. Berre eit lite, men ikkje uvesentleg døme på korleis naturmangfaldet må vike for økonomi og utvikling. Og, seier Olav, dette skjer om att og om att på mange område. Naturen er den store taparen fordi folk tenkje på rask vekst og utvikling.



EIN UERSTATTELEG VERDI

- Kjem ikkje naturen sin verdi fram gjennom det at naturen kan brukast til noko? Set vi ikkje takst på eit naturområde etter nytteverdien for folk? Og kva nytteverdi hadde eigentleg paddene på Massneset? «Nei, dette blir for snevert. Naturen er mykje større enn menneska. Den har ein verdi i seg sjølv, uansett om menneske finst eller ikkje.»

Olav viser til at forfedrane hans kunne seie om dei tørre knausane med myrar innimellom nedanfor Villmarksmuseet at dette er eit heilt verdilaust område. Med det ville dei seie at området ikkje kunne nyttast til noko som helst. «Men saka er jo den», seier Olav, «at dette området er ei uerstatteleg naturperle. Her har eg laga natursti, ei løype som folk kan vandre gjennom, løyse ulike naturoppgåver og få gode opplevingar. Gode følelsar gjev eit godt liv.»

- Var det slik at tidlegare generasjonar ikkje såg naturen sin verdi?

«Både og», seier Olav. «Vi må vere klar over at folk i bygdene levde mykje meir i eitt med naturen før. Dei brukte fjellet og liene og skogen på ein slik måte at dei sette lite spor etter seg. Dei hausta frå naturen sitt overskot, og mykje av det dei laga gjekk tilbake til naturen. Dei fekk mange gode følelsar på stølen, i skogen og ved sjøen. Eg må sjølv tenkje på kor fantastisk det var å kome opp på Åsen og finne flott stålis på tjørna ein kald vinterdag. Det var ei større oppleving enn å gå på skeiser i ein hall med kunstis. Når eg no har samla saman over 200 arter med dyr og fuglar i museet, så vonar eg at folk kan ane den gleda ein natur med artsmangfald kan gje oss.»

VI SKULLE BE NATUREN OM LOV

- Vi undrast på om det ligg ein tanke under om at naturen som Guds skaparverk er heilag. Olav seier at han ikkje har formulert seg akkurat slik, men han har lagt merke til at mange urfolk har

den haldninga at vi ikkje kan ta oss til rette i naturen utan at naturen sjølv gjev oss lov til det. Skal vi felle eit stort, gamalt tre, så må vi først spørje treet eller skogen om lov. Skal vi bygge ein veg i eit urørt område, så må terrenget på staden gje oss lov til det. Dette viser ein respekt for naturen som vi kan lære noko av. Når ein demmer ned vatn, lagar svære vindmølleparkar, store hyttefelt og industriområde, nye europavegar, så får ofte økonomiske interesser prioritet i høve til respekt for urørt natur. Eg ønskjer ei balansert utvikling, seier han.

Heil ved, er eit gammalt uttrykk. Vi tykkjer det høver på Olav. Han har nett passert 80 år. Men heilt frå ungdommen av har han følgd ein stø kurs i teori og praksis. Det er å bere fram ein visjon om den reine og artsrike naturen som kjelda til det gode liv.

- Kva er det mest gledelege du har opplevd gjennom alle desse åra? Utan å nøle svarar han: «Det er at kona mi, Mari-Ann, har vilja vere med meg på alt dette.»

Tekst og foto: Geir Sørebø



KVELDSBØNER I HEIMEN

Det har vore ein god tradisjon i mange heimar å syngje for og be kveldsbøn med borna. Allereie i mors liv kan song ha ein påverknad. Sjølv har eg erfaring med at folketonane kan gje god ro når barnet skal sove. Nyleg hørde eg intervju med Odd Nordstoga på Drivkraft i NRK2. Han fortalte at mora hans song andre verset av «No soli bakom blåe fjell» for han då han var barn. Eg veit at **det** også var ei vanleg kveldsbøn i vårt område i Høyanger kommune. Teksten er slik:

*«Kom, Jesus, inn og med meg ver
når det til kvelden stundar!
Og lat din engel standa her
ved legjet når eg blundar,
og vara vel min kvilestad!
Og vekk meg glad
til song med fugl i lundar!»*

Ei anna kveldsbøn som er godt kjend er:

*«Kjære Gud, eg har det godt.
Takk for alt som eg har fått.
Du held av meg, du er hjå meg.
Takk at du går aldri frå meg.
Sjå til liten og til stor!
Du må vara far og mor
og alle barn på jord!»*

Når vi vender blikket utover i verda, er det vel ingen barnesong som kan måle seg med Torbjørn Egner sin kjende salme:

*«Eg faldar mine hender små
i takk og bøn til deg.
Lat alle barn i verda få det
like godt som eg.*

*Vern alle med di sterke hand
mot fattigdom og død,
og hjelp små barn i alle land,
og gje dei dagleg brød.*



Foto: Familien

Gudsteneste med dåp 7. juli vart flytta frå Sørebø til Bjordal kyrkje på grunn av därleg ver. Her ser vi Inger Cesilie Fitje, Kasper, Kenneth Førde og Hege Tveito.

*Lat ikkje krig og svolt og sott
få rive lykka ned.
Lat alle leve trygt og godt
i fridom og i fred.»*

Kanskje nokon også kjenner att denne bøna:

*«Jesus, du er glad i meg.
Takk for alt eg får frå deg.
Kom til oss, som du har lova.
Ver hos meg når eg skal sova.
Hjelp kvart barn på denne jord,
sysken, venner, far og mor.»*

Ein viktig song i kulturarven hjå oss er jo Fager kveldsol smiler. Den kan brukast frå vogge til grav, og det er viktig at nye generasjonar også får del i denne arven!


Sissel Sørebø



Barnas



Fargelegg!




Slik såg Johannes
for seg den nye
himmel og den
nye jord.

Teikning: Kari Sortland

Vitsar

Prikk til prikk



– Kelner!
Fluga i suppa
mobbar meg!
– Ja. Det er ei
ertesuppe.

– Hunden min har
lært seg å snakke!
Det er heilt sant!
– Eg veit det. Bikkja
mi fortalte det
i går.

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Finn fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du
dei fem feila i biletet under?



Teikning: Alessandro Coppola og
Salvatore Callerami



Søndagsskolen - mer enn du tror



Foto: Runar Matsui-Li

KICK OFF MED KONFIRMANTANE PÅ ALVÆRA

Ein fantastisk fin seinsommardag tidleg i september. 44 glade konfirmantar frå heile Høyanger og Hyllestad var samla til felles opningssamling på Alværa, kalla «Kick off». Og det blei bokstaveleg pangstart med sandvolleyballturnering ute på bana i nydeleg solskinn. Så leikar og aktivitetar i møtesalen for å bli kjent med kvarandre, noko som openbart var morosamt. Så deileg fersk laga pizza. Deretter temasamling om å lage krosssteiknet og heile konfirmanttida vidare.



I januar skal same gjengen møtast igjen til ein weekend på Alværa, allereie i oktober blir vi med på den store festivalen med mellom 400 og 500 konfirmantar i Gaularhallen på Sande.

Andreas Ester

FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ NOREVIK



Å invitere til friluftsgudsteneste er alltid spennande. Vil det kome nokon? Korleis vert veret? Kan vi vere ute eller må vi flytte gudstenesta inn? 2. juni hadde Lavik sokneråd bestemt utegudsteneste, og vi fekk vere på moloen til Bruåsdal på Norevikane. Ofte kan austavinden vere ei utfordring her, men det vart omrent heilt vindstille og ein god del sol. Magnus og Oddny-

Marie hadde gjort klart til gudstene-sta med å bygge alter og lage kross. Og alternativala var mektig - Sognefjorden vakker og stille.

Folk kom frå både Lavikdal, Lavik, Aven og Norevik - og alle aldrar var representerte. Runar Matsui-Li var prest og Harald Dahlstrøm hjelpte oss med songen.

Vi fekk også høve til å bli litt kjent med Dahlstrøm, vår nye kyrkjemusikarar. Friluftsgudstenesta var også avslutninga på minikonfirmantåret og minikonfirmantane fekk diplom og perm. Etterpå var det kyrkjekaffi med kake, rabarbrasuppe, pølsespidding, kaffi og prat. Dei modigaste testa også temperaturen i Sognefjorden.

Toril Lange

OPEN KYRKJE – KORLEIS GJEKK DET?

På Kyrkjebø har me også denne sommaren hatt nokre ettermiddagar med open kyrkje med "litt ekstra" innhald. Korleis vart det motteke? Jau, nær oppunder 100 personar totalt var innom desse fire ettermiddagane.

Unge musikk talent frå kulturskulen og meir kjende og vaksne av våre eigne musikarar har stilt opp og gjeve publikum god musikk, ny kunnskap om tekstar, tonar og interessante historier knytt til det dei framførde. I tillegg treffer

ein gjerne heimkomne sommargjester, som ein elles sjeldan ser.

Nokre har også sett seg ekstra rundt i og kring kyrkja, og såleis tileigna seg meir lærdom om bygningen, bygda og "strondingane". Me er bygdefolket og dugnaden deira stor takk skuldige for at me har ein velstelt kyrkjegard, som mange vitjar gjennom sommaren. Fleire langvegsfaran-de turistar har også vore innom hjå oss. Dei vil gjerne sjå kyrkja og gravplassen, og det er mykje vellæte å høyre frå mange.

Praten over kaffikoppen desse ettermiddagane gjev oss stadig fornya tru på at kyrkja kanskje tyder meir for mange enn me til dagleg går rundt og trur når me ser frammøtet ein "vanleg" preikesundag. Vart du forhindra frå desse tilskipingane i år, så kan trøysta vere at truleg vil dette tilbodet vere der neste år også. Møt opp då!



Soknerådet

TAKK!

Gerda Otterstein kom til oss i Høyanger og starta som organist i 2008.

Når ho då etter så lang teneste ynskte å skifte arbeidsstad, ville fellesrådet få takke henne av på skikkeleg vis. I samråd med Gerda vart det høve til det på ein konsert som ho ville spele i Kyrkjebø kyrkje 8. juni i år. Gledeleg var det at folk frå alle fire sokna møtte opp og viste henne den takk ho fortente, og ho kvitterte med ein strålende konsert der ho både song og spelte.

Fellesrådet bar fram si takk og gav, og alle frammøtte fekk høve til ein prat med henne over festkaka og kaffikoppen. Ei verdig markering og avslutning av ei lang og trufast teneste for sokna våre.

Takk, og lukke til vidare, Gerda!



Fellesrådsleiar Sturla Bell Fossen takkar Gerda for trufast teneste.

Foto: Irene Aase Aarseth

FRILUFTSGUDSTENESTA PÅ VADHEIMSSTØLEN

Fyrste sundagen i august var det tradisjonell samling på Vadheimsstølen. Trass usikkert vær tok soknerådet sjansen på at me kunne vere ute denne dagen. Alle med oppgåver i gudstenesta var på plass, og musikar Harald hadde endå til med seg sitt nye ”blåse-orgel” – eit praktisk instrument å frakte med i slike høve.

Dei frammøtte (mange fleire hadde fått plass) fekk ei stemningfull oppleveling i tidvis tett skodde og yr. Glimtvis letta det opp og me fekk utsyn - samtidig med presentasjon av det vidsyn, som tekstane og preika me fekk høre, vitna om. Dette er nærliek til skaparverket!

Etter gudstenesta fekk alle rikeleg med varmande, kortreist suppe, kaffi og kaker. Hjartelag takk til grunneigarane for god tilrettelegging!



TAKK, ALI!

I januar 2023 vart Ali Kharrat tilsett som sekretær på kyrkjekontoret. Hans gjerne litt utradisjonelle bakgrunn for ei slik stilling var ikkje noko hinder for at han raskt kom inn i arbeidet, og vart ein effektiv medarbeidar som viste gode samarbeidsevner.

Heilt frå starten av har me visst at Ali helst ville jobbe meir enn i den stillings% me kunne tilby. Med eigen familie vart hybel og deltidsjobb for lite. Det er difor lett å forstå at han takka ja til tilbodet om full stilling i kommunen si integreringsteneste.

Hans bakgrunn, utdanning og yrkeserfaring i Noreg, gjer at han er rett mann der, sjølv om me svært gjerne skulle hatt han som medarbeidar hjå oss framleis.

Hjartelag takk, Ali - for din innsats, ditt pågangsmot og di alltid positive haldning!

Lukke til vidare!



På kyrkjebakken - LAVIK SOKN

Mat og Prat onsdag 23. oktober kl. 18.00–20.00

Det har blitt ein tradisjon at Lavik sokneråd inviterer til Mat og Prat vår og haust. Geir Sørebø samtalar om «Livet slik det er». Kven som skal delta i tillegg til Sørebø er ikkje klart enno. Det vert også kveldsmat.

Born og unge i Lavik sokn

Lavik sokneråd har drøfta aktivitetar for born og unge i Lavik. Noko er bestemt alt, andre ting kjem etter kvart. Hausten 2024:



Myldresamling er for dei under skulealder, samling ca 1 gong i mnd i kyrkja. Ein startar med ei samlingsstund med bøn, song, Jesusforteljing, lystenning og kanskje drama. Samlinga vert avslutta med kveldsmat. Første samling er 24. september kl. 17.15 til ca 18.30, deretter 30. oktober og 27. november.

T-dag for 1.-2. klasse vert også på onsdagar, ca 1. gong i mnd. Vi startar kl 17.15 og held på 1 ½ time. Også her vert det samlingsstund med bøn, bibelforteljing, song og lystenning. Det vert også leik, og kanskje ein formingsaktivitet. T-dagen vert avslutta med måltid. Første samling var 17. september. Samlingane vert truleg i kyrkja.

Maki-klubb er eit tilbod til dei som går i 3. klasse og opp til 6./7.klasse med samling ca 1 fredag i mnd. Samlingane vert på Alværa eller på kyrkjekontoret.

Meir info om kjem på messenger-gruppene.

På kyrkjebakken - BJORDAL OG ORTNEVIK SOKN

Hausakkfest på Massnes 6. oktober kl. 12.00

Også i år inviterer Mari-Ann og Olav til hausakkfest på Villmarksmuseet. Gudstenesta er ved Inger Cesilie Fitje.

Vi ber inn korger med grønsaker, frukt og anna, som blir loddna ut til inntekt for misjonsprosjektet i Etiopia. Soknerådet serverer middag og kaffi med noko attåt. Vi håpar mange i alle aldrar blir med i fellesskapet denne dagen!

Gudsteneste med dåp i Ikjefjord grendahus 24. nov. kl. 12.00

Dette vert ei gudsteneste for små og store v/ Inger Cesilie Fitje. Vel møtt frå heile området!

Lysmesse 1. des. kl. 16.00

I Bjordal kyrkje vert det lysmesse v/ Inger Cesilie Fitje og konfirmantane. Organist P. T. Jobaggy blir med. Vel møtt til å byrje adventstida med lys, varme og musikk i kyrkja!

Gudsteneste med dåp i Ortnevik 20. okt. kl. 11

Denne søndagen gler vi oss over at to barn skal bli døpt. Inger Cesilie Fitje leier gudstenesta. Det blir også utdeling av 4-årsbok og 6-årsbok, samt bibel til 5. klassingar. Når geografien er som den er, må vi rekne med køyring mellom bygdene for å møtast til gudsteneste. Velkommen til alle!

Konsert i Ortnevik kyrkje søndag 15. desember kl. 17.00

Også i år vil KUL-koret frå Kyrkjebø bli med i tillegg til lokale songarar og musikarar. Hjarteleg velkommen til denne

KYRKJEVERJA HAR ORDET

Eg var tidlegare i dag innom stølen vår i Ortnevik. Då skreiv eg at august kunne oppsummerast i eitt ord; regn. I kyrkja har det i tillegg også vore mange gravferder. Gravferder er til liks med veret, noko vi ikkje kan styre og til liks med altfor mykje regn, noko vi ikkje gler oss over. Men gravferder er samstundes ein del av livets gang, og ein verdig og fin måte å ta farvel med eit menneske som forlet oss for godt. Difor er dette meiningsfullt arbeid som blir prioritert høgt av oss; dei tilsette i kommunen som grev gravene, organist, kyrkjemusikarar, prest, diakon og til sist oss på kyrkjekontoret.

Sidan vi har vore utan sekretær, har gravferder prega kyrkjeverja sitt arbeid denne månaden - og alle de som har vore i kontakt om andre spørsmål måtte vere tolmodige; alt er notert på ei etter kvart lang liste og alle skal ha fått svar etter kvart. No får vi også betre kapasitet då Renate Ørnehaug Dale frå og med 1. september har vore i full gang på kontoret som administrasjonssekretær. Ho jobbar for oss i 50% stilling - annankvar mandag, kvar tysdag og kvar fredag. Resten av veka er ho kyrkjeverje i Hyllestad.

Ei anna utfordring som dukka opp i august var at ringeanlegget til kyrkjeklokken i Høyanger kyrkje hadde sluttå å fungere. Det synte seg at det vil ta litt tid å få reparert dette, noko vi beklagar.

Brannvarslingsanlegga er viktige, men sårbare system. I sommar fekk vi montert opp nye sendarar og kopla oss til alarmsentralen i Florø. Slik går alarmane no direkte til brannvesenet. Vårt ansvar er å gjere vårt beste for å unngå feil og falske alarmar. To gangar har likevel brannvesenet rykt ut til falsk alarm i Høyanger kyrkje. Vi måtte derfor kontrollere anlegget og skifte ein sensor. På Kyrkjebø var det varsla om ein feil i anlegget, denne feilen har vi og

fått retta opp i. Takk til dykk som har meldt frå fordi de høyrd denne feilvarslinga!



I Ortnevik nærmar det seg kyrkjejubileum, og vi har fått midlar frå kommunen for å gjere Ortnevik kyrkje universelt tilgjengeleg. Søknader er sendt, og eg har eit håp om at dette kan bli klart til 100-årsjubileet i oktober neste år.

Elles gler vi oss over god oppslutnad om konfirmandarbeidet, og første samling - «Kick off» for konfirmantåret, var på Alværa fredag 6. september.

Så har vi dessverre fått nokre utfordringar i høve anna barnearbeid, og beklagar til dei som saknar aktivitetar dei har vore med på tidlegare. Men følg med - kanskje får vi likevel aktiviteten i gang etter kvart! Kanskje er du ein av dei som kunne tenke deg å hjelpe til? Kjekt om du melder deg som leiar og medhjelpar! Babysong held derimot fram. Diakon, Inger Cesilie, og kyrkjemusikar, Harald, tek ansvar for babysong i Høyanger kyrkje annankvar tysdag, og dei ynskjer foreldre og barn i alderen 0-1 år velkomne!

Vi treng også nokon som kan tenke seg å vere kyrkjetenar og reinhaldar i Bjordal kyrkje. Ein tanke er at det er ein jobb som kan delast på, der ein får betalt time for time. Nokon synest sikkert det er greitt å jobbe ein og annan søndag, men utan å vere bunden til å ta alle gudstenestene? Og like eins gravferdene? Eg håpar medlemmene i Bjordal sokn kan hjelpe oss å finne ei løysing her. Ta kontakt med meg eller soknerådet / prest om du har innspel.

Iglede og sorg

DØYPTE:

Høyanger

07.07.24 Leonora Sæbø Fjellestad
07.07.24 Hallvard Bratland Marifjæren

Bjordal

07.07.24 Kasper Tveito Førde

Kyrkjebø

14.07.24 Henrik Sæternes




VIGDE

17.08.24 Vilde Hosteland og
Kristian Vikum Lillehauge

DØDE

Høyanger

Jan Helge Stølen	27.05.1953 – 02.06.2024
Håvard Oddvin Birkeland	13.11.1950 – 08.06.2024
Tor Elton Hansen	24.04.1956 – 17.06.2024
Lill Astrid Olsen	17.06.1942 – 28.07.2024
Artur Sanden	14.11.1925 – 22.08.2024
Lilly Dagny Slinde	19.12.1931 – 24.08.2024
Ellinor Kristine Gudvangen	10.11.1931 – 28.08.2024



Kyrkjebø

Lars Aarseth	18.07.1925 – 13.06.2024
Ingvald Austreim	06.10.1929 – 08.08.2024
Jarle Gjertsen	14.06.1945 – 10.08.2024
Nanna Finseth	01.04.1928 – 25.08.2024

Lavik

John Ingfred Mjelleli	17.07.1931 – 28.06.2024
Else Edith Tjønnås	08.12.1936 – 10.07.2024

Bjordal

Arild Henning Bjordal	10.05.1969 – 16.08.2024
Bodil Førde	04.02.1954 – 22.08.2024

Ortnevik

Inga Johanna Nygard	06.10.1945 – 25.08.2024
---------------------	-------------------------

*Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.*

Gudstenester

29. SEP. 19. SØNDAG I TREEINGSTIDA

Kl. 11 Høyanger: Hausttakkefest.
A. Ester / H. Dahlstrøm
Kl. 11 Lavik: Hausttakkefest. *I.C. Fitje / P.T. Jobbagy*

06. OKT. 20. SØNDAG I TREEINGSTIDA

Kl. 12 Massneset: Hausttakkefest.
I.C. Fitje / A. Brekke

12. OKT. LAURDAG

Kl. 18 Kyrkjebø kyrkje: Folkemusikkmesse.
A. Ester / Kjell Ivar Aase m.fl

13. OKT. 21. SØNDAG I TREEINGSTIDA

Kl. 11 Kyrkjebø: Dåp. *A. Ester / ...*

16. OKT. ONSDAG

Kl. 17 Høyanger: *A. Ester / H. Dahlstrøm*

20. OKT. 22. SØNDAG I TREEINGSTIDA

Kl. 18 Lavik: *I.C. Fitje / H. Dahlstrøm*

20. OKT. 22. SØNDAG I TREEINGSTIDA

Kl. 11 Ortnevik: Dåp. *I.C. Fitje / ...*

27. OKT. BOTS OG BEDEDAG

Kl. 16 Kyrkjebø: Hausttakkefest.
A. Ester / H. Dahlstrøm

03. NOV. HELGEMESSE

Kl. 11 Lavik: Minnegudsteneste.
I.C. Fitje / H. Dahlstrøm

03. NOV. HELGEMESSSE

Kl. 16 Bjordal: Minnegudsteneste.
I.C. Fitje / H. Dahlstrøm
Kl. 18 Høyanger: Minnegudsteneste.
A. Ester / H. Dahlstrøm

10. NOV. 25. SØNDAG I TREEINGSTIDA

Kl. 11. Vadheim: *A. Ester*

17. NOV. 26. SØNDAG I TREEINGSTIDA

Kl. 11 Kyrkjebø: Minnegudsteneste.
A. Ester / H. Dahlstrøm

24. NOV. DOMSSØNDAG/KRISTI KONGEDAG

Kl. 12 Ikjefjord: Dåpsgudsteneste. *I.C. Fitje / ...*

01. DES. 1. SØNDAG I ADVENT

Kl. 16 Bjordal: Lysmesse. *I.C. Fitje / P.T. Jobbagy*
Kl. 19 Lavik: Lysmesse. *I.C. Fitje / H. Dahlstrøm*

04. DES. ONSDAG

Kl. 17 Høyanger: Lysmesse. *A. Ester / H. Dahlstrøm*

08. DES. 2. SØNDAG I ADVENT

Kl. 17 Kyrkjebø: Lysmesse.
A. Ester / H. Dahlstrøm

24. DES. JULAFTAN

Kl. 13 Vadheim: *A. Ester / H. Dahlstrøm*
Kl. 14.30 Kyrkjebø: *A. Ester / H. Dahlstrøm*
Kl. 16 Høyanger: *A. Ester / H. Dahlstrøm*
Kl. 14 Ortnevik: *I.C. Fitje / ...*
Kl. 15 Lavik: ...
Kl. 16 Bjordal: *I.C. Fitje / ...*



NB: Det kan skje endringar! Følg med på Facebook eller på: www.kyrkja/hoyanger

INFORMASJON*Returadresse: Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger*